


**UNIVERSITETET I BERGEN**

**ÅRSMELDING**

**1997**



## DET TRENGS RESSURSAR FOR Å GJERE ENDRINGAR

Universitas tyder «fellesskap». I dette omgrepet ligg idealet om fellesskap mellom fagfolk og fellesskap mellom lærar og elev. Ved ein masseinstitusjon som det dagens universitet er, er det sjølvstøtt langt mellom ideal og røyndom. Med 17 500 studentar og 2500 tilsette har storleiken i seg sjølv blitt eit problem for å realisere den fellesskapskjensla som ideelt sett skulle ha gjennomsyra universitetet. Det er ikkje mogleg å følgje opp med tilstrekkelege undervisningstiltak, til det er økonomien for dårleg. Særleg saknar ein undervisning i mindre grupper, og dermed vert sjølvstøtt ikkje kontakten mellom lærarane og den enskildde studenten slik vi ønskjer det.

Universitetet er ein institusjon som må finne identiteten sin i balansen mellom undervisning og forskning, mellom bruksretta forskning og den meir grunnleggjande. Vi skal ta vare på alle desse oppgåvene, og vi skal gjere det med kvalitet. Det er fullt mogleg for Universitetet å møte samfunnets trong for både undervisning, forskning og formidling av kunnskap. Dette føreset at vi ikkje blir for opptekne av dei akutte og kortsiktige krava. Det er berre gjennom langsiktig kompetansebygging og fagleg utvikling vi kan fylle den samfunnsmessige oppgåva vår, sjølv om dei politisk føresette i dag ikkje ser ut til å sjå det på same måte.

Universiteta har i fleire år kjent seg som ein «restkategori» i den offentlege politiske debatten. Distriktpolitiske og kortsiktige næringspolitiske problemstillingar har sett sitt preg på dagsordenen. Når eit

tiltak frå eitt år blir endevidt to år seinare, gjev ikkje dette oss grunnlaget for ei langsiktig satsing på kvalitet, verken i undervisning eller forskning. Universiteta sin aukande integrasjon i statsapparatet har heller ikkje gjeve lovmessige rammevilkår som fremjar sjansane våre til endring og vidare fagleg utvikling. Det har blitt påtrengjande nødvendig å endre på desse tilhøva. Dei norske universiteta har ikkje lenger monopol på verksemda si, men møter ein aukande konkurranse både frå andre norske og ikkje minst utanlandske institusjonar. Skal universiteta hevde seg i denne konkurransen – og skal Noreg hevde seg som kunnskapsnasjon – er det ikkje nok å berre stille auka krav og forventningar til universiteta. Det må òg stillast krav andre vegen, frå universiteta til styresmaktene. Ein føresetnad for at universitetet skal oppfylle samfunnets forventningar, er at styresmaktene oppfyller pliktene sine overfor universiteta!

Universiteta treng ressursar som gjer omstilling mogleg, og vi må ha vilkår som gjer det mogleg å satse på kvalitet både i undervisning og forskning. Ikkje minst må ein respektere dei kulturelle og samfunnskritiske funksjonane til universiteta.

Utviklinga i retning av aukande konkurranse let seg ikkje stoppe, men tvingar oss til å stille spørsmål ikkje berre om rammevilkåra våre, men òg i aukande grad om korleis vi sjølv forvaltar ressursane våre. Men når vi dei siste åra opplever eit aukande fråfall blant studentane våre, da er det ikkje berre eit spørsmål om rammevilkår. Studentane må sjå på

studievanane sine, og universitetet må ta undervisningsformene og prioriteringane sine opp til grundigare vurdering. Er vi framleis for fokuserte på eksamen, ikkje på universitetet som ein aktiv undervisnings- og læringsinstitusjon? Har vi vore flinke nok til å ta nye og meir interaktive undervisningsformer i bruk? Har vi gjort faglege val der vi klarare markerer kva forskingsfelt Universitetet i Bergen verkeleg vil hevde seg på internasjonalt? Eller for å gå attende til utgangspunktet: Har universitetet teke dei nødvendige konsekvensane av at vi no faktisk er ein masseutdanningsinstitusjon?

Universitetet i Bergen er i gang med eit omfattande planarbeid for å trekkje opp rammene for utviklinga vår etter år 2000. Dette er truleg den største utfordringa universitetet står overfor. Klarer vi ikkje denne, er det ein reell fare for at Universitetet i Bergen – og dei andre norske universiteta – gradvis blir reduserte til ei uinteressant forlenging av den vidaregåande skolen, kombinert med funksjonen som ein slags oppdragsforskningsbutikk. Det vil vere ei utvikling med dramatisk høge kostnader for det norske samfunnet – økonomisk, sosialt og kulturelt.

Jan Fridthjof Bernt  
Rektor

Kåre Rommetveit  
Universitetsdirektør

I haustsemesteret 1997 var det registrert 17 241 studentar ved Universitetet i Bergen, mot 17 686 hausten 1996, inkludert filialstudentar og studentar utan studierett. Studentregistreringa viser at talet på nye studentar (førstegongsregistrerte) held seg oppe på same nivå som før. Fråfallet og talet på studentar som tek studiepause har auka sidan 1995, samanlikna med første del av 90-talet. Det er grunn til å tru at betringa på arbeidsmarknaden er årsaka til dette. Universitetet reknar difor med at opptaket kan haldast oppe på eit høgt nivå, utan tilførsel av nye studieplassar på lågare grad.

17 073 søkjarar hadde ført opp Universitetet i Bergen som studieønske i det nasjonale studentopptaket i 1997, ein nedgang på nitten prosent fra året før. Vel 5000 hadde Bergen som førsteval.

*Tab. 1 syner registrerte studentar hausten 1997.*

*Tab. 2 syner kandidatar på høgare grads studium i 1997.*

Måлтаlet er det talet styresmaktene legg til grunn ved løyving til studie-plassar. Måлтаlet for 1997 var 17 585. Styresmaktene set òg opp såkalla resultatkrav i budsjettproposisjonen sin. Desse fortel kva som vert forventa av avlagte eksamenar på dei ulike nivåa innan kvart fag. Resultatgraden på lågare grad var på 99 prosent i 1997. Det juridiske fakultet, Det psykologiske fakultet og Det odontologiske fakultet låg klart over resultatkrava sine, medan examen philosophicum hadde et klart lågare resultat enn forventa. Innan profesjonsstudia og for høgare grad var resultatgraden like under krava, med eit særst høgt resultat for embetsstudiet i odontologi. Tala frå psykologistudiet er unormalt låge, grunna eksamen seint på året.

Presset på hovudfag aukar stadig. I 1997 var det 1417 søkjarar til hovudfaga (mot 1332 i 1996), og 890 fekk plass (834 i 1996).

## Utvikling i kandidatall

Talet på uteksaminerte hovudfagskandidatar per år har auka kraftig på 90-talet, og har no stabilisert seg på om lag 600. Talet for 1997 var 597.

Kandidattalet for mastergrad har gått noko ned frå 1996 til 1997, frå 44 til 33. Det er i hovudsak studentar frå den tredje verda og Aust-Europa som følgjer dette studietilbodet, finansiert gjennom Lånekassa sitt kvoteprogram.

307 kandidatar fullførde profesjonsutdanninga. Dermed blir det samla talet kandidatar på høgare grad 904 i 1997, mot 969 i 1996 og 958 i 1995.

*Fig. 1 syner kandidatar på høgare grad i perioden 1990-1997.*

## Nye studium og fag

I 1997 godkjende Det akademiske kollegium opprettinga av eit delfagsstudium i rettleiingspedagogikk under Det psykologiske fakultet. Kollegiet tok òg initiativ til å opprette eit hovudfag i pedagogikk (praktisk pedagogikk) og eit mellomfagstillegg i pedagogikk, begge ved Det psykologiske fakultet. Kollegiet vedtok å opprette eit nytt vidareutdanningstilbod ved Det medisinske fakultet, delfag i kvalitetsutvikling i helsetenesta.

## Fjernundervisning og etter- og vidareutdanning

Universitetet sin breie kompetanse innan fleire fagområde skal gjerast betre tilgjengeleg gjennom etter- og vidareutdanning, og UiB har som målsetjing å bli den sentrale institusjonen i regionen på etter- og vidareutdanning innan kompetanseområda sine. SEVU er UiB sitt hovudorgan på dette feltet, sjølv om det òg er andre einingar som har slike studietilbod. SEVU er ein del av stiftinga Universitetsforskning Bergen (Unifob). Dei enkelte fagmiljøa, institutta og sentra ved Universitetet har det faglege ansvaret for utdanninga. SEVU har det administrative ansvaret, og fungerer

som eit koordinerande serviceorgan både internt og eksternt.

Etter- og vidareutdanninga ved Universitetet blir finansiert på ulike måtar. Nokre tilbod blir finansierte av departementa eller andre offentlege etatar (særleg fylkeskommunane), og nokre blir finansierte over Universitetet sitt eige budsjett. I tillegg baserer somme tilbod seg på eigenbetaling frå studentane. Studentar innan desse utdanningstilboda blir ikkje rekna med i det offisielle studenttalet for Universitetet. Verksemda hadde i 1997 eit omfang på omlag 12 millionar kroner. Direkte tilskot eller prosjekttilskot frå UiB utgjorde ca. 3,6 millionar av dette, medan oppdrag finansierte av eksterne oppdragsgjeverar utgjorde 6 millionar.

Verksemda i SEVU har ei brei og mangfaldig målgruppe, og aktiviteten dekkjer tilbod som spenner frå totimars kurs til 40-vekttals hovudfag- og mastergradutdanning. Kundane er både offentlege organ, til dømes departement eller fylkeskommunar, og enkeltpersonar. Totalt deltok omlag 450 studentar i kompetansegivande vidareutdanning. Ca 400 deltok på konferansar SEVU arrangerte aleine eller med andre. Ca 800 deltok i ulike etterutdanningskurs, i tillegg var det rundt 1500 deltakarar på fagleg-pedagogisk dag. Satellittendingane i samband med Reform 94 hadde potensielt 20 000 deltakarar.

Forskningsaktiviteten ved Universitetet i Bergen er svært omfattande og mangfaldig, både når det gjeld tema, prosjektstorleikar, finansiering og organisering. Verksemda er prega av disiplinbasert grunnforskning, med eit sterkt innslag av forskarrekuttering.

Den sterke auken i studenttalet dei siste åra har gjort det naudsynt å satse ein stor del av den faglege kapasiteten på undervisningsoppgåver. Universitetet har frykta at denne satsinga kunne gå ut over forskinga, og særleg grunnforskinga.

*Fig. 2 syner kreerte doktorar i perioden 1990-1997.*

## **Forskarutdanning og doktorgradar**

Hausten 1997 var det registrert 871 doktorgradskandidatar ved Universitetet i Bergen, 365 av desse var kvinner. I løpet av året tok 113 kandidatar doktorgraden, mot 112 i 1996 og 135 i 1995. I høve til talet på stipendiatar ved Universitetet, er det grunn til å rekne med ein årleg doktorgradproduksjon på mellom 100 og 120. Kvinnene utgjer 34,5 prosent av kandidatane, men heile 42 prosent av studentane. Dette stadfestar den positive utviklinga av kvinneprosenten ein kan lese ut av statistikken for kreerte doktorar på 90-talet.

## **Vitskapleg publisering og vilkår for forskning**

Talet på publikasjonar er berre eitt mål på forskningsaktiviteten, og må sjåast i samanheng med andre element. Totalt vart det publisert 2709 vitskaplege arbeid av internt og eksternt løna personale ved Universitetet i Bergen i 1997, mot 2310 i 1996 og 2114 i 1995.

Forskinga ved Universitetet går føre seg både ved institutta og ved frittstående og/eller tverrfaglege og tverrfakultære senter. I tillegg nyttar Universitetet forskingsstiftinga Unifob til å etablere forskingsverksemd som er vanskeleg å organisere internt, særleg gjeld dette marknads- og næringsretta forskning.

Universitetet treng nye midlar til fornying av utstyrsparken. Frå 1993 til 1997 er løyvingane til store nyinnkjøp reduserte frå 47 til 13,2 millionar kroner. Budsjettramma for vitskapleg utstyr til fagmiljøa har i same periode krympa frå 28 til 10 millionar kroner. Det trengs minst 50 - 60 millionar kroner i året for å fornye utstyrsparken. For å kunne delta i det internasjonale forskingssamarbeidet på like fot med forskarar i utlandet, må fagmiljøa ved UiB òg kunne disponere førsteklasses utstyr. I tillegg går situasjonen ut over effektiviteten, og det er svært uheldig at vilkåra for kjøp av utstyr blir dårlegare samstundes som innstramma i budsjettet medfører krav om effektivisering av drifta.

I ein stor del av utstyrsparken finst det no instrument som ikkje lenger oppfyller dagens standardkrav. Situasjonen er utan tvil prekær.

## **Lærekrefter og studenttal**

Pr. 30. september 1997 utgjorde hovudstillingane i alt 2077 tilsette årsverk ved Universitetet i Bergen, mot 2071 året før. Dette talet inneheld ikkje forskarar og stipendiatar som er tilsette ved Unifob. Stillingane fordeler seg på 1002 vitskaplege og 1075 tekniske og administrative stillingar. Dette inneber ein svak nedgang i delen vitskaplege stillingar.

Universitetet hadde hausten 1997 820 tilsette i faste vitskaplege heiltidsstillingar. Dette er 156 fleire enn i 1990, men ein nedgang på 38 frå året før. I tillegg kjem 159 stipendiatstillingar og 20 årsverk i vitskaplege bistillingar (i første rekkje professor II-stillingar, som er 20-prosent-stillingar), noko som er om lag det same som året før.

*Tab. 3 syner talet på tilsette pr. 30. september i årsverk etter kategori og fakultet/eining.*

## **Kjønnsfordeling og likestilling**

Innslaget av kvinner i vitskaplege stillingar (inkl. rekrutteringsstillingar) har auka noko frå 1996 til 1997. I 1997 var 23,9 prosent av dei tilsette i

slike stillingar kvinner. Innslaget av kvinner i teknisk-administrative stillingar auka òg i 1997, og er no 61,9 prosent.

Rekruttering av fleire kvinner til vitskaplege stillingar er ei sentral målsetjing for Universitetet. Ein ser allereie positive tendensar innan somme fagmiljø, men mykje arbeid står framleis att.

Eit godt utviklingstrekk er at talet på kvinnelege doktorstudentar har auka dei siste åra. Opprettinga av såkalla post.doc-stillingar vil også kunne vere med på å auke kvinneprosenten ved Universitetet. Talet på kvinner i vitskaplege rekrutteringsstillingar ser ut til å stabilisere seg på rundt 40 - 45 prosent.

# UNDERSVINGNS- OG FORSKINGSSAMARBEID

## Noregsnett

Universitetet i Bergen har etablert samarbeidstiltak med fleire institusjonar i Vestlandsområdet. Spesialisering innan fagområde er ein viktig del av Noregsnett, og det finst fleire døme på at Universitetet si faglege tyngd hjelper høgskular i regionen til å halde oppe statusen sin som såkalla «knutepunkt» i nettet.

Samarbeidet med høgskulane er også merkbar på undervisningssida, ved at Universitetet i Bergen legg fleire undervisningsoppgåver til deltidslærarar som i særleg grad kjem frå høgskulane.

## Internasjonalt samarbeid

Universitetet i Bergen har som mål å vere eit internasjonalt universitetet i europeisk målestokk, og legg særleg vekt på samarbeid med land i Afrika, Asia, Latin-Amerika og Europa. Det var ein auke i den internasjonale verksemda i 1997, både med omsyn til prosjekt med utviklingsland og i EU sitt fjerde rammeprogram.

Mykje av det internasjonale samarbeidet innan forskning skjer på eit ikkje-formalisert plan. I tillegg til den organiserte internasjonale verksemda, legg Universitetet vekt på å leggje tilhøva til rette slik at forskarane skal kunne pleie internasjonale kontaktar. Dette skjer mellom anna ved å stille midlar til rådvelde for reiseverksemd, til dømes til konferansar og kongressar i utlandet. Fleire forskarar ved Universitetet i Bergen har verv i internasjonale organisasjonar, er redaktørar av internasjonale tidsskrift eller har ansvar for internasjonale nettverk. Den internasjonale sida av Universitetet i Bergen kjem også fram gjennom dei mange utanlandske studentane, og den relativt omfattande rekrutteringa av utanlandske forskarar til stillingar ved Universitetet.

## Nordisk samarbeid

På nordisk nivå tek Universitetet del i utvekslingsprogrammet Nordplus. UiB koordinerer dei store nettverka innan psykologi, jus, fysikk, teatervitskap, kulturstudiar og

kunsthistorie. Engasjementet både når det gjeld student- og lærarutveksling er sterkt aukande. Fleire av dei store nettverka har arrangert intensivkurs.

## Europeisk samarbeid

*EU-relaterte forskingsprogram*  
Dimensjonane og organiseringa i EU-forskinga er annleis enn i dei nasjonale programma. Ved utgangen av året var Universitetet i Bergen med på 80 kontraktar innanfor EU sitt fjerde rammeprogram. Bergensdelen av desse prosjekta var verd om lag 110 millionar kroner. 21 av desse vart koordinerte frå Universitetet i Bergen. Dette er eit høgt tal sett i nasjonal samanheng, til saman vel 100 prosjekt var koordinerte frå Noreg ved utgangen av 1997. Det at UiB-forskarar styrer internasjonale prosjekt med så stort omfang og kompleksitet er med på å gjere nye forskingsstrategiar moglege.

## Utdanningsprogram

Innan SOCRATES-programmet teikna UiB bilateral avtale om samarbeid med nærare 250 institusjonar i EØS-landa. Det vart søkt om å sende ut 597 studentar, og å ta imot 587 studentar i Bergen. Universitetet i Bergen er ein attraktiv partner for europeiske universitet, og er med i 9 ulike prosjekt for utvikling av nye europeiske studieprogram, m.a. innan miljøpolitikk, kringkasting og media, regionalpolitikk og psykologi. Stor vekt var og lagt på å utvikle fleire kurs på engelsk, og å utveksle faglærarar gjennom Sokrates.

273 UiB-studentar var på Erasmus-studieopphald ved ein europeisk lærestad i totalt 1660 stipendmånader i 1997. Fakulteta har satsa på å utvikle kurs på engelsk, for at utanlandske studentar lettare skal kunne studere i Bergen.

Universitetet i Bergen tok dessutan del i eit stort utdanningsprosjekt med 13 partnerar innanfor Leonardo-programmet, og tre studentutvekslingsprosjekt med utsending av i alt elleve studentar i samarbeid med Hordaland fylkeskommune og

universitetsnettverket Santander-gruppa.

## Samarbeid med Aust-Europa

Samarbeidet med Aust-Europa held fram, med prosjekt i Vilnius i botanikk og arkeologi og prosjekt i samfunnsfag og engelsk ved Vytautas Magnus-universitetet i samfunnsfag og engelsk. I tillegg vart det i 1997 starta eit nytt samarbeidsprosjekt om demokratisering i Sentral- og Aust-Europa og eit prosjekt om nettverksbygging for eit mastergradsprogram i yrkeshygiene. UiB tek òg del i TEMPUS-prosjektet «Management and development of EuroFaculty for recruiting teaching and learning of Economics, Law, Business and Public Administration in Riga, Tartu and Vilnius», det såkalla Eurofaculty, med utsending av faglærarar.

Nordvest-Russland er eit prioritert område for Universitetet i Bergen. Det tverrfaglege prosjektet PECHORA (Paleo Environment and Climate History of the Russian Arctic) held fram. Den geologiske komponenten i PECHORA er knytt opp til eit stort European Science Project: «Quaternary Environment of the Eurasian North (QUEEN)».

## Ikkje-europeisk samarbeid

*Samarbeid med Fudan-universitetet*  
Universitetet i Bergen har gjennom medlemskapen sin i Nordic Study Centre eit samarbeid med Fudan University, Shanghai.

## Nye samarbeidsavtalar

Gjennom samarbeidsavtale med Nansen-instituttet, kan UiB delta i eit utvekslingsprogram med St. Petersburg. Det vart sett i gang eit arbeid med å utforma ein ny samarbeidsavtale med Thammasat University i Bangkok. Avtalen vil m.a. famne om forskings- og utdanningssamarbeid innanfor fleire fagområde.

## Tibet-Noreg

UiB tok del i nettverkssamarbeidet Tibet-Noreg, der det både vert lagt til rette for samarbeid med Tibet-området i Kina og det eksiltibetanske

miljøet i Dharamsala i India. UiB har òg eit aktivt forskingsengasjement i Nepal, i fagområda medisins, humanøkologi, botanikk, økonomi og geografi.

#### *NORAD*

Universitetet tok eit initiativ overfor NORAD til utvida deltaking i NORAD sitt stipendprogram. Som ein lekk i dette arbeidet har Universitetet løyvd midlar til utvikling av nye undervisningstilbod. Dette gjeld ei rekkje fag, først og fremst innan helse, kjønns- og utviklingsforskning, medie- og filmfag, fiskeribiologi og administrasjon og organisasjonsvitskap. Eit nytt Mastergradsprogram i sosialantropologi vart godkjend i 1997.

#### *Senter for utviklingsstudiar*

Senter for utviklingsstudiar (SFU) har i fleire år arbeidd med komparative og regionale studiar av ressursssystem, eit arbeid som inkluderer studiar av tørre område, vatnforskning, migrasjon og handel (i Aust-Afrika og området rundt Det indiske hav). Dette arbeidet held fram.

#### **Anna internasjonalt samarbeid**

##### *U-landsrelatert helsesamarbeid*

U-landsorientert utviklingsforskning og tilhøvet til forskings- og utdanningsinstitusjonar i den tredje verda er ei viktig side av Universitetet i Bergen sitt internasjonaliseringsprogram. Universitetet har satsa sterkt på internasjonalisering retta mot den tredje verda, blant anna gjennom utbygginga av dei mastergradsretta studietilboda.

Til saman 23 samarbeidsprosjekt med utviklingsland er delfinansierte av Nasjonalt utval for utviklingsrelatert forskning og utdanning (NUFU). Eitt nytt prosjekt vart godkjent i 1997.

Senter for internasjonal helse (SIH) held fram med det internasjonale samarbeidet med forskingsinstitusjonar i Etiopia (tuberkulose, lepra, samspel mellom ernæring og infeksjonssjukdommar blant barn, psykososial intervensjon hos barn); Tanzania (mikrobiologi, immunologi, patologi, virologi, førebyggjande helsearbeid, reproduktiv helse, helseantropologi); Ghana (ernæring); India (diarèsjukdommar hos barn);

Bangladesh (ernæringsblindheit) og Nepal (reproduktiv helse). SIH har òg samarbeidsprosjekt med Romania innan HIV- og diarèforskning og lærarutdanning i odontologi.

Innan helsefaga har Universitetet i Bergen eit samarbeid med universitet og institusjonar for folkehelse i India, Nepal, Guinea Bissau, Sverige, Danmark og Nederland om å utvikle strategiar for effektiv behandling og førebygging av diaré og underernæring hos barn i utviklingsland. Strategiane vil late seg integrere i dei nasjonale helseprogramma i kvart einskild utviklingsland. Dette viktige forskingsprogrammet vert finansierte av EU, NUFU, NORAD, Noregs Forskingsråd, Meltzerfondet og Universitetet i Bergen.

Avtalen mellom dei medisinske fakulteta ved Universitetet i Tromsø og Universitetet i Bergen og Ministry of Health og Ministry of Education i Botswana om utdanning av botswanske legar, held fram.

#### *Kvoteprogrammet*

Stipendordninga for utanlandske studentar i Statens lånekasse for utdanning skal styrkje kulturkontakt, bistand og internasjonalisering. Støtteordninga gjeld for studentar frå Samveldet av uavhengige statar, land i Sentral- og Aust-Europa og utviklingsland. Den markerte auken i mastergradskandidatar, frå 11 i 1995 til 53 i 1997, reflekterer Universitetet si satsing på å byggje opp eit internasjonalt fagtilbod. Universitetet i Bergen hadde i 1997 totalt 160 kvotestudentar, fordelt på alle fakultet utanom Det juridiske fakultet. Generelt er det dei tre cand.mag-fakulteta og Senter for internasjonal helse som har dei fleste utanlandsstudentane.

#### *USA*

Gjennom europeiske nettverk og bilaterale avtalar med universitet i USA vart det teke nye initiativ for auka studentutveksling. Det vart etablert kontakt mellom fagmiljø i Bergen og universitet i Washington og Seattle med sikte på å utvikle langsiktige samarbeid, slik at fleire amerikanske studentar kan studere ved Universitetet i Bergen.

Universitetet i Bergen har i 1997 sendt ut og teke mot ei rekkje

forskarar innan University of Washington/ Memorial University of New Foundland-programmet.

#### *Gjesteforskarprogrammet*

Gjesteforskarprogrammet er ein viktig institusjonell reiskap i arbeidet med å styrkje kontakten med forskingsmiljøa ved samarbeidsinstitusjonar over heile verda. Universitetet i Bergen har i 1997 vore vertsuniversitet for 22 forskarar frå USA, Aust-Europa, Sør- og Mellom-Amerika, Afrika, Asia, Midtausten og Europa.

## **Forskingsformidling**

Den populærvitenskaplege publiseringa var mindre i 1997 enn året før. Samla for heile Universitetet vart det publisert 387 populærvitenskaplege artiklar og kronikkar, og det vart halde 593 foredrag. Ti faste og 83 skiftande utstillingar vart planlagde og produserte, og totalt vart det gjeve 395 omsyningar ved Universitetet. Desse tala er òg lågare enn i fjoråret. Publikumsstalet ved Bergen Museum steig frå 53 818 i 1996 til 70 039 i 1997.

Tv-serien «En reise i vannets historie» vart lansert i slutten av november. Serien er eit samarbeid mellom Universitetet og Norsk rikskringkasting. Dei fire delane vart sende i reprise i romjula. Serien fekk svært gode kritikkar, og er seld vidare til fleire land. «En reise i vannets historie» vart òg nominert til Gullruten-prisen i klassen for beste dokumentarprogram.

Forskingsdagane 1997 gjekk av stabelen i september, og inneheldt ei rekkje aktivitetar. Mellom anna vart det arrangert ei populærvitenskapleg forelesingsrekkje i samarbeid med Bergen Museum, og ein utflukt til Lyngheiseret på Lygra.

Laurdagsuniversitetet er eit populært samarbeid mellom Universitetet i Bergen og Den Nationale Scene. Hovudtema hausten 1997 var Familien før og nå. Forelesingane vart haldne på Småscenen ved Den Nationale Scene, og fekk god medieomtale.

## **Publikasjonar**

Det populærvitenskaplege tidsskriftet Naturen kom ut med seks nummer og Arkeo med to. Universitetet i Bergen sitt eksterne magasin, UiB-magasinet, kom ut med fire nummer, og internavisa På Høyden kom ut med 19 nummer i 1998. UiB-Magasinet fekk rosande omtale i tevlinga «Årets bedriftavis» for 1997.

Den sentrale presentasjonsbrosjyren til Universitetet vann gull-prisen i

klassa for print - brosjyrar i bergensmeisterskapen i reklame og design i 1997.

Før første gong vart det utarbeidd ein kompetanse katalog for Universitetet. Katalogen gjev oversikt over forskingsfelt og kontaktpersonar, og er tilgjengeleg også på verdsvevsidene til Universitetet.

## **Elektronisk kommunikasjon**

Innstillinga Elektronisk kommunikasjon ved eit tidsskilje vart levert universitetsdirektøren i desember 1997, og markerte slutten på det såkalla Elin-prosjektet, som har vore styrt frå Informasjonsavdelinga. Innstillinga førte til etableringa av Eline (Elektronisk kompetanseenheter), eit samarbeidsorgan mellom Informasjonsavdelinga, IT-avdelinga og Universitetsbiblioteket. Eline skal ha den sentrale styringa av planlegging, oppdatering og drift av den elektroniske kommunikasjonen ved Universitetet. Universitetet sine vevsider finn ein på verdsvevadressa <http://www.uib.no/>.

I 1997 blei mellom anna innkjøpsguiden, reglementsamlinga og undervisningskatalogen gjort tilgjengelege eller oppdaterte på verdsveven.

## **Mediekontakt og personleg kommunikasjon**

Personalet ved Universitetet yter ein stor formidlingsinnsats både gjennom å svare på spørsmål frå publikum, og som aktørar i presse og media.

## **Studieinformasjon**

Universitetet deltok med bemanna stands på fleire viktige yrkes- og utdanningsmesser i 1997, og hadde òg ein eigen informasjonsskranke på Studentsentret ved semesterstarten hausten 1997. Informasjonsavdelinga sette i 1997 i verk eit prosjekt som skal utvikle ein samla strategi for Universitetet si formidling av informasjon til potensielle og nye studenter.

## **Klinikkverksemd**

Det odontologiske fakultet og Det psykologiske fakultet tek imot pasientar i klinikkar. Dette er eit

behandlingstilbod for lokalbefolkninga, og er ein føresetnad for undervisning og forskning ved desse fakulteta. Det samla økonomiske omfanget av denne verksemda var 9 253 933 kroner i 1997, om lag det same som året før. Talet på pasientar gjekk noko ned, til 16 532.



## Rekneskap 1997

Universitetsbudsjettet for 1997 la ei sær s stram ramme på institusjonen. På alle nivå vart det lagt mykje strev i å tilpasse verksemda til dei økonomiske rammene. Alle driftstildelingar vart utnytta fullt ut.

Universitetet sitt budsjett er gjeve over kap. 261 og 281 i statsbudsjettet, og omfattar løyvingar til drift og investeringar og eit bruttobudsjett (med inntekts- og utgiftsbudsjett) for den eksternt finansierte verksemda.

Driftsutgiftene, som omfattar løn (post 01), varer og tenester (post 11) og refusjonar til sjukehus i samband med medisinarutdanninga, utgjorde i 1997 1 072,5 millionar kroner. Dette er 22,4 millionar kroner meir enn løyvd. Meirutgiftene er dekte inn med meirinntekter som også utgjorde 22,4 millionar kroner.

Driftsutgiftene viser ein auke frå 1996 på 21,9 millionar kroner, noko som i hovudsak kjem av lønsoppgeret.

Investeringsbudsjettet omfattar i hovudsak løyvingar til utstyr (post 45) og ekstraordinært vedlikehald og mindre ombyggingar (post 46). I 1997 vart det rekneskapsført 31,9 millionar kroner på desse postane, mot 82,7 millionar kroner i 1996. Utgifter til ekstraordinært vedlikehald og mindre ombyggingar (post 46) utgjorde 21,2 millionar, dvs. 37,9 millionar mindre enn i 1996. Utgiftene til større utstyrsinnkjøp (post 45) inkludert vitskapeleg utstyr utgjorde 10,7 millionar, som er 12,9 millionar mindre enn i 1996. I tillegg er det i samsvar med løyvinga rekneskapsført 6,5 millionar kroner under post 30 til Felles grunnarbeid ved Universitetet. Dette er ein auke på 0,5 millionar i høve til 1996.

Dei overførde løyvingane på investeringsbudsjettet frå 1997 til 1998 er gått ned frå 7,5 millionar til 5,5 millionar, og har samanheng med mindre løyvingar og større press på investeringspostane.

I tillegg til basisbudsjettet som er omtala ovanfor, omfattar kapittel 261 den eksternt finansierte verksemda organisert i den såkalla Bergensmodellen. Utgifter og inntekter blir førte brutto over utgiftspost 21 og inntektspost 01 på inntektskapittel 3261. Utgiftene utgjorde 326,1 millionar kroner i 1997, mot 274,7 millionar i 1996. Inntektene utgjorde 334,3 millionar. Meirinntektene på 8,2 millionar kroner er i samsvar med kravet Stortinget har vedteke, og representerer Universitetet sitt konsernbidrag til staten.

Auken i den eksternt finansierte verksemda i Bergensmodellen på om lag 50 millionar kroner frå 1996 skriv seg i hovudsak frå forskingsprosjekt finansierte av Norges forskingsråd, næringslivet og utanlandske oppdragsgjevarar.

Den følgjande tabell 5 gjev oversyn over den samla eksternt finansierte verksemda. I tillegg til Bergensmodellen inkluderer dette omfanget av verksemda ved stiftinga Universitetsforskning Bergen (Unifob), og forskingsprosjekt finansierte av andre verksemdar der økonomiforvaltning og rekneskapsførsel skjer utanfor Universitetet sitt budsjett.

*Tab. 5 syner rekneskapen for 1997.*

## Bygg og lokale

Det blei gjennomført ein del mindre byggjearbeid i 1997, det viktigaste var ombygging av Christiesgate 17 - 19 (Institutt for administrasjon og organisasjonsvitskap).

Det er sett inn ressursar for å betre branntryggleiken i fleire bygningar, og det er gjennomført brannførebyggjande tiltak i om lag 20 bygningar. Tilsvarande tiltak vil no bli sette i gang i seks andre bygningar, der Realfagbygget og Naturhistorisk museum blir dei mest kompliserte.

## Ekstern finansiering og næringsretta verksemd

Omfanget av den eksternt finansierte verksemda ved Universitetet i Bergen

var på 527,9 mill. kroner i 1997. Dette er ein klar auke frå 1996, da talet var 439,9 mill. kroner. Verksemda omfattar ca. 554 årsverk, om lag det same som året før.

Om lag 3/5 av verksemda er knytt til prosjekt som er organiserte innanfor den såkalla Bergensmodellen, det vil seie 312,5 millionar kroner, ein auke på 37 millionar frå 1995. Verksemda i UNIFOB hadde eit volum på 156,2 millionar kroner mot 116,8 millionar året før.

*Tab. 6 syner tala for den eksternt finansierte forskinga i 1997.*

## Meltzerprisen, fond og legat

Årets Meltzerpris til unge forskarar gjekk til dr.scient. Jannicke Hillad frå Christian Michelsen Research og dr.med. Vidar M. Steen ved Senter for klimatisk molekylærmedisin. Kvar fekk 100 000 kroner til forskinga si. I høve Meltzerfondets 50-årsjubileum fekk forskingsleiar Terje Tvedt ved Senter for utviklingsstudiar ein formidlingspris på 100 000 kroner for arbeidet sitt med tv-serien En vandring i vannets historie.

136 studentar ved Universitetet i Bergen fekk kvar sine stipend på 10 000 kroner frå Meltzerfondet, medan 51 studentar fekk stipend frå dei andre fonda.

Universitetet sine egne fond og legat forvalta rundt 350 millionar kroner i 1997.

**Tabell 1: Registrerte studentar hausten 1997, per fakultet og nivå**

	Låg. gr.	Prof.	H-fag	Dr. gr.	M-gr.	Andre	Sum
HF	3295		955	172	28	82*	4532
JU	976	1581			15		2572
MN	1527		843	359	33		2762
MD	46	841	174	177	19		1257
OD	0	284**		9	9		302
PS	1544	316		12	20		1892
SV	1904		848	121	54		2927
EXPH	881						881
Uplassert						122	122
SUM	10173	2984	2820	865	163	204	17247

Låg. gr.=lågare grad. Prof.=profesjonsstudium. H-fag=hovudfag. Dr.gr.=doktorgrad. M-gr.=mastergrad. Føreb.=førebauande. \* 82 på Norsk for utenlandske studentar \*\* Inkl. 38 på profesjonsstudium, uspesifisert nivå.

**Tab. 2: Kandidatar på høgare grad i 1997, per kjønn, fakultet og grad**

Høgare grad Fakultet	Grad	Sum 1997		total % kvinner
		Totalt	Kvinner	
HF	Cand. philol.	203	143	70,4
	Mastergrad	13	6	46,2
MN	Cand. scient.	189	68	36,0
	Mastergrad	17	3	17,6
MD	Cand. med.	81	36	44,4
	Cand. scient.	11	7	63,6
	Cand. san.	9	8	88,9
	Cand. polit.(sykepl.)	46	38	82,6
	Mastergrad	2	1	50,0
OD	Cand. odont.	46	24	52,2
	Mastergrad			
SV	Cand. polit.	178	84	47,2
	Mastergrad	8	2	25,0
JUS	Cand. jur.	155	79	51,0
PS	Cand. psychol.	54	34	63,0
	Mastergrad	2	2	100,0
Sum høgare grad		1014	535	52,8


**Tabell 4A: Nasjonalt samarbeid i 1997**

	Personar	Veker
Ved universitetet frå andre institusjonar		
Gjesteforskarar	71	64
Stipendiatar	33	173
Frå universitetet ved andre institusjonar		
Gjesteforskarar	38	162
Stipendiatar	35	176
Deltaking i nasjonale faglege utval, komitéar, redaksj. utval og org.arb.	871	
Deltaking frå universitetet i nasjonale forskingsprosjekt (óg individuelle)	446	


**Tabell 4B: Internasjonalt samarbeid i 1997**

	Personar	Veker
Ved universitetet frå utlandet		
Utanlandske gjesteforskarar	187	474
Utanlandske gj. forelesarar	431	840
Utanlandske stipendiatar	117	2105
I utlandet frå universitetet		
Gjesteforskarar	132	898
Gjesteforelesarar	221	973
Stipendiatar	83	903
Deltaking i internasj. faglege utval, komitéar, redaksj. utval og org.arb.	563	
Deltaking frå universitetet i internasj. forskingsprosjekt (óg individuelle)	574	
Tal på publikasjonar med utanlandske medforfattarar	631	

**Figur 1: Kandidatar, høgare grad per kjønn i perioden 1990-97**



**Figur 2: Kreerte doktorar per kjønn i perioden 1990-97**



**Tabell 3: Tilsette per 30.9.97 rekna i årsverk\***

Kilde: DBH	Prof.	Aman.	Rekrutt.	Andre Vit.sk.	Adm. ledere	Andre tekn. /adm.	Sum
Hist.fil.	78	128	34		15	73	328
Mat.nat.	111	104	44		24	184	467
Med.fak.	83	62	32		9	147	333
Odont.	20	14	8	22	3	95	162
Samf.vit.	37	74	18	1	11	47	188
Jur.	13	10	15		1	17	56
Psykol.	19	45	7		7	37	115
Fakulteta	361	437	158	23	70	600	1.649
Bergen Museum	4	19	1	1	2	38	65
Mediesenteret					2	4	6
Univ.bibl.					10	96	106
Adm.avd.					48	203	251
Sum adm.avd.	4	19	1	1	62	341	428
Sum fak./avd.	365	437	158	23	132	941	2.077

\* Tilsette i all eksternt finansiert verksemd er halden utanfor.

**Tabell 5: Rekneskap for 1997**


Kap.261 og 281:	Budsjettramme	Rekneskap	Søkes/ overført til 1998	meir-/mindreutgift
01 Lønner (1)	767 493 164	741 362 233	310 000	25 820 931
11 Varar og tenestar	280 131 000	328 067 680		- 47 936 680
Sum 01 og 11	1 047 624 164	1 069 429 913		- 22 115 749
21 Spesielle driftsutgifter (2)	236 262 000	326 121 539		- 89 859 539
30 Felles grunnarbeid	6 500 000	6 500 000		
45 Store nyinnkjøp	16 230 000	10 693 315	5 536 000	685
46 Ombygging	51 416 000	21 210 786	30 205 000	214
49 Kjøp av eiendomar	10 000	19 379 815		- 19 369 815
61 Tilskott kom. sykehus m.m.	2 875 000	3 112 240		- 237 240
73 Tilskott	8 680 847	8 666 647		14 200
Sum kap. 261 og 281	1 369 598 011	1 465 114 255	36 051 000	131 567 244

1) Inkl. sentralt postert kap. 261 01-8 kr. 88 989 279, og kap. 281 01-8, beregnet til 14,3% av regnskap post 01 forøvrig.

2) Inkl. sentralt postert kap. 281 01-8, regnet til 14,1% av regnskap, post 01 ellers.

**Tabell 6: Ekstern finansiert forskning i 1997**

Organisert i:	Oppdragsgiversektor				Sum	i %
	Stat	Komm./fylke	Forskn.råd	Private		
Bergensmodellen	73 712	3 767	110 167	124 895	312 541	59,21
Unifob	64 710		45 205	46 286	156 201	29,59
Andre	5 053	330	12 573	41 193	59 149	11,20
Totalt	143 475	4 097	167 945	212 374	527 891	100,00
i %	27,18	0,78	31,81	40,23		



## Det historisk-filosofiske fakultet

### Undervisning og studentar

På lågare grad har studenttalet gått litt ned. Hausten 1997 var det registrert 3328 studentar, mot 3427 hausten 1996. Studenttalet på hovudfag har gått litt opp (901 hausten 1997 mot 883 hausten 1996). Talet på registrerte doktorgradskandidatar har auka frå 151 hausten 1996 til 174 hausten 1997.

Talet på avlagde eksamenar på forprøvene har gått vesentleg ned, særleg på examen philosophicum, medan talet på avlagde eksamenar på lågare grad har vore stabilt. Musikk har ein høg grad av gjennomføring i høve til studenttalet. På hovudfag har det vore ein oppgang frå 1996. Det er avlagt 18 doktorgradar i 1997, ei tredobling frå 1996.

### Forskning

Førebels data viser at det er ein nedgang i talet på vitenskaplege publikasjonar, både i absolutte tal og i høve til talet på tilsette. Dette er urovekkjande, sidan det dreiar seg om ein tendens over lengre tid.

Budsjettreduksjonen for 1998 gjer at vi får større problem med balansen mellom ressursbruk og undervisningskapasitet, samstundes

### Det historisk-filosofiske fakultet i tal

	1996	1997
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemesteret *	4593	4532
Kandidatar på høgare grad Cand. philol Mastergrad	185 7	203 13
Kreerte doktorar Dr. art Dr. philos	4 2	13 5
Tilsette årsverk pr. 30.9. i hovudstilling (kap. 261 og 281)** Vitskaplege/rekruttering Teknisk/administrative	256 88	240 88
Rekneskap (mill. kr.)	135,5	128,1

\* Ikkje medrekna studentar som berre tek Ex. phil. (1451 i 96, 881 i 97).

\*\*Ekskl. tilsette i all eksternt finansiert verksemd.

som driftsbudsjettet er redusert. Dette gjer det svært vanskeleg å følge opp målsetjingane i forskingsstrategien.

### Formidling

Fakultetet har ei stor og omfattande formidlingsverksemd. Institutta rapporterer om mange førespurnader frå publikum, og fagmiljøa presenterer i aukande grad aktivitetane sine gjennom verdsveven. Formidling skjer dessutan gjennom foredrag, ulike publikasjonar, populærvitenskaplege kronikkar og deltaking på seminar og konferansar. Formidling skjer òg gjennom til dømes konsertverksemd ved Institutt for musikk ved Griegakademiet, deltaking i aktualitetsprogram og offentleg debatt, produksjonar av fjernsynsprogram og deltaking på Fagleg pedagogisk dag.

### Organisasjon og administrasjon

Det er ikkje gjort endringar i instituttorganiseringa, bortsett frå at Arne Bjørndals samling er overført frå Institutt for kulturstudiar og kunsthistorie til Institutt for musikk. Dessutan er det oppretta ein ny fagseksjon ved Institutt for kulturstudiar og kunsthistorie.

Fakultetet har etablert eit prosjektbasert forskingsprogram innan humanistisk informasjonsteknologi (HIT) i samarbeid med Unifob.

Forskringsrådet har gjeve Universitetet i Bergen i oppdrag å organisere sekretariatet for NFR sitt Program for kulturstudiar med oppstart 1. januar 1998, og fakultetet har arbeidd med organiseringa av dette.

Fakultetet tek del i arbeidet med å organisere eit tverrfakultært senter for kvinne- og kjønnsforskning.

## Det juridiske fakultet

### Undervisning og studentar

Både opptaket og det totale

### Det juridiske fakultet i tal

	1996	1997
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemesteret	2.573	2.572
Kandidatar på høgare grad Cand. jur.	180	155
Kreerte doktorar Dr. juris	0	0
Tilsette årsverk pr. 30.9. i hovudstilling (kap. 261 og 281)* Vitskaplege/rekruttering Teknisk/administrative	31 17	38 18
Rekneskap (mill. kr.)	33,3	30,4

\*Ekskl. tilsette i all eksternt finansiert verksemd.

studenttalet var på same nivå i 1997 som i 1996. Studentar med studierett har likevel auka med ca. 60, og utgjer 2143 av totalt 2585 registrerte studentar.

Fakultetet sette i 1997 i verk undervisning etter ny studieordning, og har gjennomført eksamen både etter ny og gammal ordning til 1. og 2. avdeling, dessutan i tilleggsprøver for dei som skiftar studieordning. Det er òg gjennomført undervisning og eksamen i juridisk forprøve, som vart innført ved overgangen til ny studieordning.

Som følgje av ein vanskeleg budsjettssituasjon ved inngangen til året, vart det vedteke å innstille enkelte seminar og ekskursjonar, og å utsetje vidareutviklinga av nye ressurskrevande pedagogiske tilbod.

Kandidatproduksjonen har gått ned med 15 - 20 i høve til dei to føregåande åra, og har samanheng med studentlekkasjen til Oslo. Den samla gjennomføringsprosenten har auka uavbrote sidan 1992 og var rekordhøg i 1997.

### Forskning

Med over halvparten av det vitenskaplege personalet i ein kvalifiseringssituasjon, har forskinga ved fakultetet i 1997 i vesentleg grad vore knytta til slik verksemd. Dette har òg bunde opp ressursar hos resten av det vitenskaplege personalet gjennom rettleiing og tutorverksemd. Fakultetet har likevel makta å halde eit rimeleg høgt publiseringsnivå både m.o.t. lærebøker, monografar, lovkommentarar og artiklar i juridiske

tidsskrift. I tillegg kjem fagleg medverknad ved lovutgreiingar og tilsvarande. I 1997 vart det teke opp fem nye kandidatar på doktorgradsprogrammet. Det er ikkje kreert nokre nye doktor juris i 1997.

Etter at fakultetet i ei årrekke har lyst ut alle stipendiatstillingar som opne stillingar i rettsvitenskap, lyste fakultetet i 1997 ut ei stilling øyremerkte kystforvaltning/havbruk/fiskerirett, som er eit nytt forskingsområde ved fakultetet.

### Formidling

Forskarane ved fakultetet har òg i 1997 medverka til skiving og utgjeving av juridisk litteratur, og fleire har medverka eksternt gjennom mellom anna deltaking i utval, komitear og ulike kurs og seminar, inkludert etterutdanning i eksternt regi.

Fakultetet har som tidlegare svart på mange førespurnader frå dei profesjonelle fagmiljøa/advokatar, dommarar, offentlege tenestemenn og publikum.

### Organisasjon

Fakultetet har i 1997 lagt ned store ressursar i å utarbeide ein strategisk plan for perioden 1998 - 2005. Som eit ledd i prosessen har fakultetet også utarbeida ein tilstandsrapport med kartlegging av fakultetet sin noverande situasjon og ein vurdering av tilstanden. Denne vurderinga bygger mellom anna på ein egenervaluering foreteke mellom dei vitenskaplege ansatte, det kontor/administrative personalet og eit utval av studentar.

## Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet

### Undervisning og studentar

Hausten 1997 tok fakultetet opp 630 nye studentar, 552 møtte første dag. Totalt var det registrert 2659 studentar om hausten, mot 2880 i 1996. Fakultetet tok i tillegg opp 119 nye lågaregradsstudentar ved ekstraordinære opptak i haust. Nedgangen i talet på lågare grad kjem av at dei nye studentsystemet gjer ei betre registrering mogleg, slik at ingen hovudfagsstudentar lenger vert rekna med på lågare grad.

Fakultetet opplevde for første gong sidan 1989 ein nedgang i talet på uteksaminerte kandidatar frå hovudfag. Nedgangen kjem i stor grad av at studentane brukar lengre tid enn normert studietid. Dette heng saman med at mange av studentane tek hovudfag ved sida av lønt arbeid. Det er òg ein tendens til at fleire bryt av hovudfaget, ofte på grunn av gode tilbod om arbeid. Særleg gjeld dette innan informatikk og dei mest populære retningane innan petroleumsfag.

Det låge talet på disputasar i 1997 kjem i stor grad av at av dei totalt 63 kandidatane som disputerte i 1996, disputerte heile 15 i november og desember. Dei to åra er sett under eitt på nivå med det som har vore normen på heile 90-talet.

Fakultetet merkar i stadig større grad at Norgesnett fungerer i praksis. Hausten 1997 hadde 42 prosent av dei nye studentane bakgrunn frå ein høgskole eller eit universitet. I 1993 utgjorde denne delen berre 23 prosent. Dette har medført redusert søkning til emne på grunnnivået, medan fakultetet framleis har stort press på vidaregåande emne. Samstundes har meir innpassing og veiledning vore med på å auke den administrative belastinga.

### Forsking

Fakultetet hadde i 1997 desse satsingsområda: Marine fag, oppbygging av fagfeltet biokjemi, miljøfag, teknologifag og auking av kvinneprosenten i vitenskaplege stillingar.

Eit utval har vurdert organiseringa av forskinga innan marine fag ved fakultetet, og lagt fram eit forslag om å etablere ei stor marin eining. Som ei

Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet i tal	1996	1997
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemesteret	2.641	2.762
Kandidatar på høgare grad		
Cand. scient	213	189
Mastergrad	24	17
Kreerte doktorar		
Dr. scient.	53	39
Dr. philos.	3	3
Tilsette årsverk pr. 30.9. i hovudstilling (kap. 261 og 281)*		
Vitenskaplege/rekruttering	249	259
Teknisk/administrative	202	208
Rekneskap (mill. kr.)	204,1	185,9

\*Ekskl. tilsette i all eksternt finansiert verksemd.

oppfølging av det strategiske universitetsprogrammet Teori- og eksperimentellbasert studie av rekruttering hos marin fisk, oppretta fakultetet ei vitenskapleg mellomstilling ved Institutt for fiskeri- og marinbiologi innan dette fagfeltet.

1. januar 1997 vart eit nytt institutt offisielt oppretta ved fakultetet, Molekylærbiologisk institutt. Den største oppgåva i 1997 var å få instituttet på plass i nye lokale i Høgteknologisenteret i Bergen. Mykje tid og ressursar har gått med til dette. Interesse for biokjemi er stor blant studentane ved fakultetet, og det var rekordsøking til fleire av instituttet sine emne.

### Formidling

Institutta og avdelingane ved fakultetet tek årleg mot mange førespurnader frå publikum og presse. Ein del av fakultetet si formidling blir kanalisert gjennom Bergen Museum.

Mange av dei vitenskaplege tilsette har vore involverte i radio- og tv-program i 1997. Professor Harld Kryvi ved Zoologisk institutt vekte særleg stor merksemd med foredraget *Har dyrene sjel?*, og i dette høvet deltok han blant anna i NRK1 sitt program *Sommeråpent*. Professor Ragnar Fjelland, Senter for vitenskapsteori, medverka i programserien *Jakten på superformelen*, som gjekk over seks program på NRK2 hausten 1997.

I august vart boka *Naturvitere filosoferer* lansert, ei samling artiklar om vitenskapsteoretiske spørsmål der fleire av dei vitenskaplege tilsette ved fakultetet er medforfattarar. Fakultetet støtta utgjevinga økonomisk.

### Organisasjon

Ordninga med utvida fullmakter til Fysisk institutt og Institutt for informatikk vart ført vidare i 1997, og fungerte positivt både for institutta og fakultetet. Avtalen vil no halde fram på permanent basis. Fakultetet har tilrådd at andre store institutt òg får ta del i ordninga, under føresetnad av at dei har det naudsynte administrative apparatet som trengst for å makte ansvaret.

Fakultetet er blant dei einingane som har vore mest aktive innan arbeidet med helse, miljø og sikkerhet (HMS).

Åtti prosent av institutta har halde HMS-møte, og meir enn ein tredjedel har følgd opp med handlingsplan og HMS-runder.

Plassproblem og mangel på samlokalisering er eit aukande problem ved mange institutt. Ikkje minst kjem dette av den stadig aukande eksternfinansierte verksemda, som er svært plasskrevjande.

## Det medisinske fakultet

### Undervisning og studentar

I 1997 var det opptak av vel 300 nye studentar ved fakultetet. Av desse var 150 medisinstudentar og 100 studentar ved helsefag hovudfag.

Det årlege opptakstalet til medisinstudiet har auka trinnvis, frå 70 til 120 i 1995 og til 150 frå og med hausten 1996. Auken krev stor innsats frå mange for at undervisninga skal halde det planlagde nivået. Endringar i timeplan og studieplanar krev at innhaldet i forelesingane vert tilpassa deretter. Studieplanen for opptak av 150 studentar blei utarbeidd i 1997. Det er lagt ned mykje arbeid i planleggjinga av studieplanen, mellom anna i den desentraliserte undervisninga. Planen legg vekt på auka pasientkontakt i undervisninga og meir undervisning i smågrupper, og har fått gode evalueringar.

Undervisninga har òg auka i omfang som følgje av ein sterk auke i kunnskapsmassen som studentane skal gjennom. Bruken av timelærarar og -vikarar auka i 1997 med 13 prosent. Oppseiingar og permisjonar gjer at fakultetet er heilt avhengig av å nytte timelærarar i undervisninga, mellom anna har ein engasjert privatpraktiserande legar med godt resultat.

Trass i knappe ressursar viser evalueringa at ein har greidd å halde oppe eit tilfredsstillande nivå på undervisninga. Kapasitetsproblema har likevel mellom anna ført til at ein del institutt ikkje har fått i stand så mykje undervisning i smågrupper som det var føreset. Evalueringa har òg vist at det trengst fleire undervisningstimar i ein del fag, til dømes nevrologi, psykiatri og

### Det medisinske fakultet i tal

	1996	1997
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemesteret	1.346	1.257
Kandidatar på høgare grad		
Cand. med.	59	81
Cand. scient	25	11
Cand. san.		9
Cand. polit. (Sjuepleievitenskap)	5	46
Mastergrad	2	2
Kreerte doktorar		
Dr. med.	15	12
Dr. philos./scient./odont./polit.	8	7
Tilsette årsverk pr. 30.9. i hovudstilling (kap. 261 og 281)*		
Vitskaplege/rekruttering	177	177
Teknisk/administrative	160	156
Rekneskap (mill. kr.)	140,5	130,0

\*Ekskl. tilsette i all eksternt finansierte verksemd.

patologi. I den nye undervisningsplanen er det teke høgd for dette.

### Forskning

Fakultetet tek mål av seg til å vere i teten innanfor både nasjonal og internasjonal forskning. Det har ein til dels lukkast i, noko som mellom anna kjem til syne ved at fleire forskarar ved fakultetet er prosjektleiarar for eller deltakarar i fleire av EU-prosjekta.

Forskinga ved fakultetet er i stor grad avhengig av ekstern finansiering. Det var i 1997 ein nedgang i slik finansiering av verksemd som er organisert utanfor Bergensmodellen og Unifob. Det kan ha samanheng med auken i undervisningsmengda og mindre ressursar og tid til vitskapleg arbeid. Viktige eksterne bidragsytarar til forskingsaktiviteten i 1997 var mellom anna Norges forskingsråd, Statens institutt for folkehelse, Nasjonalforening Det norske råd for hjerte- og karsykdommer og Den norske kreftforening.

For å styrke forskingsaktiviteten har fakultetet oppretta eitt locus innanfor eksperimentell kreftforskning i 1997. Arbeidet med å prøve å organisere forskingverksemd i ulike loci vil bli vidareført, og fakultetet vil arbeide for å få ressursar til å opprette 1 - 2 nye loci i 1998.

### Formidling

Formidling av forskingsmetodar og -resultat er ei prioritert oppgåve ved fakultetet. Vitskapleg tilsette held foredrag og forelesingar både lokalt, nasjonalt og i utlandet. Talet på foredrag, avisintervju m.m. tyder på at det er stor interesse i samfunnet

for kompetansen som fakultetet kan tilby. Fleire av institutta og avdelingane ved fakultetet har lagt ut informasjon om forskingsaktivitet og -resultat på verdsveven.

### Organisasjon

Organisasjonsmodellen ved fakultetet er komplekse og krevjande, med mange institutt og avdelingar, interfakultære studieprogram og ikkje minst tilhøvet til universitetsklinikken Haukeland sykehus og helsevesenet elles.

Det er lagt opp til ein meir heilskapleg, integrert administrasjon av studia og forskinga. I tråd med dette har fakultetet i 1997 oppretta studie- og forskingsadministrativ seksjon, og arbeider med å få samlokalisert seksjonen i Haukelandsområdet.

## Det odontologiske fakultet

### Studentar og undervisning

Erfaringane viser at det er enkelt å tilfredsstillende resultatkrava med omsyn til å rekruttere studentar til dei tildelte studieplassane på tannlege- og tannpleiarstudiet. Det samme gjeld for rekrutteringa til mastergrad og for fakultetet sitt vidareutdanningstilbod, som er sterkt etterspurt både nasjonalt og internasjonalt. Dette har å gjere med at denne utdanninga òg reflekterer fakultetet sitt mål om å utdanne kandidatar med høg kompetanse. Det same gjer doktorgradsutdanninga, likevel er rekrutteringa til stipendatstillingane urovekkjande låg.

Dei siste åra har vist ein positiv trend i gjennomføringsgraden for studentar på tannlegestudiet. Prognosane for åra framover er gode for talet på uteksaminerte tannlegar, med eit unntak for kullet som vert uteksaminert i 1999. Gjennomføringsgraden på tannpleiarstudiet har vore skiftande. Det same har naturleg nok vore tilfellet på programma for mastergrad, vidareutdanning og doktorgrad.

### Forskning

Det odontologiske fakultet fungerer som eit spisskompetansesenter for

## Det odontologiske fakultet i tal

	1996	1997
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemesteret	255	302
Kandidatar på høgare grad Cand. odont Mastergrad	35 3	46 0
Kreerte doktorar Dr. odont	3	4
Tilsette årsverk pr. 30.9. i hovudstilling (kap. 261 og 281)* Vitskaplege/rekruttering Teknisk/administrative	64 101	64 98
Rekneskap (mill. kr.)	50,6	53,1

\*Eskl. tilsette i all eksternt finansiert verksemd.

tannlegar og tannhelsemiljø i Vest-Noreg, og har eit formidlingsansvar overfor både publikum og medisinsk fagpersonell når det gjeld forskingsresultat, røynsler og kompetanse. Forsking er eit viktig mål- og resultatområde for fakultetet. Dette syner seg mellom anna ved at ein har halde oppe høge årlege løyvingar til forskingsprosjekt, eit aktivt forskingsutval, eit stort antal kandidatar på master- og doktorgradsnivå i høve til rettleiarkapasiteten, og deltaking i ei rekkje nasjonale og internasjonale forskingssamarbeid.

Forskningsaktiviteten er basert på teoretiske, kliniske og laboratoriebaserte problemstillinger. Eit stort og stabilt pasientgrunnlag styrker den kliniske forskinga.

### Formidling

Fakultetet formidlar kunnskap og røynsle til ei rekke ulike eksterne grupper. I studieplanen for dei ulike undervisningsprogramma, og i tilknytning til fleire prosjekt, inngår kontakt med og formidling til publikum som ein viktig del av gjennomføringa. Publikum er òg ei viktig gruppe å nå med presentasjon av løpande forskingsresultat. I slike samanhengar er presse, tv og radio aktuelle medium. Dei andre sentrale målgruppene for fakultetet sine forskingsresultat er odontologisk og medisinsk fagpersonale. Overfor desse gruppene vert resultatene av forskinga formidla gjennom artiklar i nasjonale og internasjonale tidsskrift, gjennom populærvitskaplege artiklar i dags- og vekepressa, og gjennom presentasjonar og foredrag på faglege møte og konferansar.

### Organisasjon

Året 1997 var prega av iverksetjinga

av den nye organisasjonen ved fakultetet, med ei eining for forskinga og ei for klinikken. Erfaringa syner at det tek tid før ein ny struktur får festa seg. Dette har å gjere med både interne tilhøve og nye eksterne krav om tilpassing til nye ordningar, prosessar og budsjettssituasjonar.

## Det psykologiske fakultet

### Undervisning og studentar

Det var ein markant auke i studenttalet ved fakultetet i 1997, i haustsemesteret var det 1945 registrerte studentar. Dei tidlegare ventekøane til psykologstudiet vart avvikla i 1997, og det nye nasjonale opptaksreglementet vart teke i bruk ved opptaket på hausten. 155 søkjarar konkurrerte om ti studieplassar.

Fakultetet har stor søking til grunnfaget i psykologi, der det hausten 1997 vart teke opp om lag 560 studentar. Dette er ein markant auke i studenttalet, noko som i første rekkje kjem av at Universitetet gjennomførte eit suppleringsopptak hausten 1997, der omlag 160 privatistar fekk ordinær studieplass ved fakultetet. Det var òg stor søking til dei mindre studietilboda ved fakultetet.

### Forskning

I 1997 la fakultetet vekt på å vidareutvikle forskingspolitikken. Det overordna målet er å sikre god forskning og ny produksjon av kunnskap. Tid er den viktigaste ressursen for forskarane, og fakultetet har arbeidd for å gjere det mogleg for dei å setje av meir tid til forskning. Det har mellom anna skjedd ved å redusere den tida forskarane bruker til administrasjon.

Psykometri, kognitiv psykologi og praktisk pedagogikk er fagfelt det har vore særleg viktig å styrkje dei siste åra. I 1997 vart det øyremerkt stipend og teke opp kandidatar i den organiserte forskarutdanninga innan desse felte. Fakultetet legg vekt på å følgje opp alle kandidatar i forskarutdanninga i årlege framdriftsrapportar. Fakultetet fokuserer òg på forskinga ved å gjere forskarane sine prosjekt, interesse- og

## Det psykologiske fakultet i tal

	1996	1997
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemesteret	1705	1892
Kandidatar på høgare grad Cand. psychol Mastergrad	53 12	54 2
Kreerte doktorar Dr. psychol Dr. philos	6 5	1 6
Tilsette årsverk pr. 30.9. i hovudstilling (kap. 261 og 281)* Vitskaplege/rekruttering Teknisk/administrative	70 38	71 44
Rekneskap (mill. kr.)	56,9	55,4

\*Eskl. tilsette i all eksternt finansiert verksemd.

spesialfelt synlege, mellom anna med ei oversikt over publikasjonane på vevsidene til fakultetet.

### Formidling

Ein stor del av den utoverretta verksemda ved fakultetet er knytt til aktiviteten ved dei fire poliklinikkane. Fakultetet er heilt avhengig av klinikkdrifta for å kunne følgje opp intensjonane i studieplana og tilby studentane god undervisning og rettleiing i pasienthandsaminga. Klinikane er også naudsynte for forskinga og den faglege utviklinga, og dei må drivast på heilårsbasis sidan mange av pasientane treng oppfølging. For mange av pasientane er den polikliniske verksemda det einaste moglege legealternativet i helsesektoren.

## Det samfunnsvitskaplege fakultet

### Undervisning og studentar

Det er store variasjonar mellom fag i studenttilgangen på lågare grad. Det er ein nedgang eller stabilisering i tilgangen på studentar til geografi, administrasjon og organisasjonsvitskap og samanliknande politikk, medan det er ein stor auke i talet på søknader til informasjonsvitskap og administrativ informasjonsbehandling. På sosialantropologi og sosiologi er studenttala framleis høge.

Sjølv om det er ein nedgang i søkjartalet til hovudfag ved inngangen til 1998, er presset framleis stort på undervisningssida. Ved det førre opptaket kom alle laudable søkarar inn på hovudfag.

Studiekvalitetsarbeidet er no integrert i fakultetet si ordinære verksemd. Ein legg likevel vekt på å vidareføre undervisningsassistentordninga som eit særskild tiltak.

Samarbeidet med studentane har blitt meir omfattande. Fakultetet har gjeve økonomisk stønad til studentane sitt initiativ for å betre kontakten med arbeidslivet, mellom anna gjennom Vitskapsforeininga og Lex-well.

### Forsking

Fakultetet vil styrke rollen sin som kjerne og knutepunkt i eit større samfunnsvitskapleg bergensnettverk. Det er ei målsetjing å styrkje forskinga ved institutta. I denne samanhengen vert det lagt vekt på å kombinere breidd og satsingsområde, å vere i forskingsfronten på utvalde område, å styrkje publiseringsverksemda og å vidareutvikle kontaktar nasjonalt og internasjonalt.

Dei to siste åra har fakultetet auka det interne forskingsbudsjettet til nær 1 million kroner. Dette er pengar som i hovudsak vert brukte på to område, slutføring av forskingsprosjekt og doktorgradsprogram og initiering av ny forskning og doktorgradsopplegg. Allereie etter to år er effekten av satsinga at den eksternt finansiert forskinga har auka.

### Formidling og samfunnskontakt

1997 var eit aktivt år for fakultetet si profilering utover, både gjennom populærformidling og samfunnskontakt av meir fagleg karakter. Det er stor aktivitet både når det gjeld produksjon av lærebøker og tidskrift, publikasjonar og gjesteforelesingar. Fleire av institutta har eigne meldingsblad, skriftseriar og eigen database på verdsveven.

### Det samfunnsvitskaplege fakultet i tal

	1996	1997
Reg. stud. inkl. dr.grad i haustsemesteret	3098	2927
Kandidater på høgare grad Cand. polit Mastergrad	165	178 8
Kreerte doktorar Dr. polit Dr. philos	12 2	16 7
Tilsette årsverk pr. 30.9. i hovudstilling (kap. 261 og 281)* Vitskaplege/rekruttering Teknisk/administrative	135 54	130 58
Rekneskap (mill. kr.)	96,4	99

\*Ekskl. tilsette i all eksternt finansiert verksemd.

Fagkunnskapen til institutta vert etterspurd i stadig større grad frå ulike organisasjonar og samfunnet elles. Aviskronikkar, artiklar, intervju og deltaking i radio- og tv-program er nokre eksempel.

Fakultetssekretariatet driv informasjonsverksemd gjennom å rettleie studentar, svare på skriftlege og muntlege førespurnader, informere om opptak, utarbeide brosjyrer og anna informasjonsmateriell, gje ut studiehandbok og oppdatere og utarbeide vev-sider. Det utoverretta informasjonsarbeidet som vert drive av Informasjonsavdelinga til Universitetet tek òg mykje tid hos studierettleiarane ved fakultetssekretariatet.

### Organisasjon

Fakultetet har fleire utstys- og driftstunge institutt. I 1997 fikk fakultetet løyvd kr. 520 000 til utstyr. Styret ved fakultetet løyvd kr. 4 509 000 til institutta, inklusive ekstraordinære utgifter til driftstunge institutt på ca. kr. 1 400 000. Ledige lønsmiddel og overføring av budsjettmiddel frå 1996 til 1997 gjorde det mogleg å bruke meir til utstyr enn det som var løyvd.

For å få realisert byggjeprojekt har fakultetet brukt 6,6 millionar kroner i løpet av dei tre siste åra. Fakultetet brukar langt mindre av budsjettmidla til løn (71%) enn andre fakultet ved Universitetet.

## Bergen museum

Oppbygginga av infrastrukturen ved museet vart vidareført i 1997 ved at nye magasinlokale vart tekne i bruk og gjennom eit omfattande brannsikringsarbeid i bygningane. Det vart òg gjennomført eit større prosjekt for å regulere temperaturen i alle etasjar i kontorfløya og i publikumsavdelingane i Håkon Shetelig's plass 10. På formidlingssida arbeidde museet med den nye basisutstillinga for kirkekunst, i tillegg til at det vart utarbeidd emnehefte i arkeologi og antropologi. Rehabiliteringa av den gamle botaniske utstillinga i Muséplass 3 tok òg sin del av ressursane.

### Forsking

Ved Arkeologisk avdeling var mykje

### Bergen Museum i tal

	1996	1997
Vitskaplege stillingar	34,3	34,5
Tekniske stillingar	25,5	22,5
Aministrative stillingar	10,3	8,8
Museumsvakter (deltid)	9,0	8,4
Publikumsbesøk (tal personar)	53 818	47 031
Ressursgrunnlag i tusen kr. frå UiB	20 515	20 947
Ressursgrunnlag i tusen kr. frå oppdrag	9 000	9 800

av forskingsaktiviteten konsentrert om seks område: kulturminnevern og kulturminneforvaltning, kulturlandskap og landskapsutvikling i Vest-Noreg, teknologi og busetting i vestnorsk stein- og bronsealder, bergkunstkonservering, gravskikk i jernalder og vestnorske sentralstadar i middelalderen.

Antropologisk avdeling har knytt mykje av forskinga si til Urgent anthropology, som prøver å dokumentere ulike sider ved eit samfunn eller ein kultur som er i ferd med å forsvinne eller bli endra. I den forbindelse utførte avdelinga forskingsarbeid blant nomadestammar i Kenya og Uganda.

Botanisk avdeling arbeidde med registrering av lavartar i oseaniske strøk i Noreg og langs kysten av USA. Avdelinga driv òg med vegetasjonshistoriske studiar med vekt på menneskeleg påverknad.

Forskinga ved Geologisk avdeling var konsentrert om smeltebergartar i perm-jura-tida, heving, erosjon og strekkjving av berggrunnen sidan devontida, og samanhengen mellom brot i berggrunnen på land og utviklinga av Nordsjøbassenget.

Forskinga ved Kunst- og kulturhistorisk avdeling vart noko hemma grunna arbeidet med basisutstillinga for kyrkjekunst og flyttinga av gjenstandar frå fleire av dei tidlegare magasinane til det nye magasinet i Jusbygget.

Ved Zoologisk avdeling rettar den systematiske grunnforskinga seg gjerne mot enkeltgrupper eller revisjonar av taksa. Det er mellom anna utført arbeid med ein monografi av vadefuglslekta *Pluvialis*, og med eit manuskript om nettvenger, mudderfluger og kamelhalsfluger til eit band av Fauna Entomologica Scandinavica.



## Formidling og samfunnskontakt

Dei naturhistoriske samlingane prioriterte å rehabilitere dei botaniske utstillingane. Framdrifta i arbeidet med produksjon av nye utstillinger vart hemma av dei sterkeistingane i museumsbygga som følgje av Vegvesenet si sprenging i tunnelane under Nygårdshøgda.

Undervisning og omvisning i utstillingane utgjorde den største delen av publikumstilbodet. Det vart særleg arbeidd med å produsere emnehefte i arkeologi og antropologi.

Det vart gjennomført ein kronikkserie med relevante emne i høve Kulturminneåret i samarbeid med Bergens Tidende. Det vart òg laga ein tipi i full storleik i samband med Indianarutstillinga. Tipien skal tene som aktivitetskrok for born.

## Universitetsbiblioteket

Etterspurnaden etter Universitetsbiblioteket sine tenester auka også i 1997. Låneaktiviteten auka med 6,6 prosent, samstundes var det ein mindre nedgang i studenttalet ved Universitetet i Bergen. Det vart heller ikkje tilført fleire personalressurar til UB dette året. Difor er det rett å seie at ressursane og samlingane ved UB vart betre utnytta enn før. Det har vore satsa på å bygge ut elektroniske informasjonstenester, mellom anna med utprøving av tidsskrift- og avisabonnement og vidare utvikling av elektroniske dokumentasjons- og informasjonssystem. Sjølv om det var ein auke i UB sitt budsjett i 1997, var det naudsynt å seie opp ein del tidsskrift, fordi det er særleg høg prisstigning på litteratur.

### Tilvekst, katalogisering, lån

Låneaktiviteten er den viktigaste indikatoren på aktivitetsnivået ved eit bibliotek. Dei siste ti åra har utlånet auka med 17,5 prosent i snitt, mellom anna fordi studenttala har auka. Frå 1996 til 1997 var auken mindre (6,6 prosent) men likevel markant, særleg når ein reknar med at studenttalet gjekk ned siste året. I heile tiårsperioden fram til 1997 er den registrerte låneaktiviteten firedobla, og utnyttingsgraden for samlingane ved UB har òg auka kraftig denne perioden.

## Universitetsbiblioteket i tal

	1996	1997	Endring %
Tilvekst av bøker og tidsskrift (band)	38 020	36 200	- 4,8
Tilvekst ikkje-bokleg matr. (einingar)	24 650	6 700	- 72,8
Katalogisering av ny litteratur	25 035	25 560	+ 2,1
Omkatalogisering/miniregistrering/konvertering	66 060	55 800	- 15,5
Lån	420 000	447 540	+ 6,6
Utnyttingsgrad for samlingane	27,2	27,7	+ 0,5
Tilsette årsverk (inkl. ekstra eng.)	109,4	110,4	+ 0,9
Rekneskap (tusen kr.)*	46 133,5	48 901,1	+ 6,0

\* Tala for rekneskap omfattar tilskot frå fakultet og frå Haukeland sjukehus på omlag 2,2 mill. kr. i 1996 og omlag 2,3 mill. kr. i 1997.


## Prioriterte oppgåver og resultatmål som er gjennomført i 1997

Ein klar auke i låneaktiviteten  
Oppnemning av romprogramkomite for HF-fakultetsbiblioteket og kartlegging av kva areal det treng  
Oppnemning av romprogramkomite for SV-fakultetsbiblioteket og planlegging av utviding av arealet  
Etablering av bibliotektenester for Griegakademiet og innflytting i nye biblioteklokale  
Utflytting av materiale frå Historisk museum frå magasin i kjellaren ved hovudbiblioteket  
Konvertering av 45 650 postar ved Konverteringsprosjektet  
Oppstart av prosjekt for restaurering og digitalisering av K. Knudsen-fotosamlinga  
Installering av filserver, som ledd i at UB er i ferd med å ta over drifta av eigne serverar frå IT-avdelinga  
Styrking av opplæringsverksemda ved UB ved omorganisering av ei stilling, slik at denne har fått ansvar for koordinering av edb-opplæring av UB sine brukarar og tilsette  
Gjennomføring av utviklingsprosjekt for elektronisk fulltekstdokumentasjon ved Universitetet  
Vurdering og revisjon av kriteria for fordeling av UB sine litteraturløyvingar på fag og fagområde  
Oppgradering og innkjøp av nye og funksjonelle kontor og dataarbeidsplassar til femten tilsette ved UB  
Gjennomføring av mindre ombyggingar, ominnreiingar og oppussing ved hovudbiblioteket og andre avdelingar  
Vidareføring av nasjonalt samarbeid om felles system for

forskningsdokumentasjon og doktorgradsregister  
Gjennomføring av medarbeidarsamtalar på alle nivå ved UB i løpet av året  
Revisjon av tidlegare vedteken plan for stillingsstrukturen.

# UNIVERSITETETS FAGLEGE ORGANISASJON

Pr. 1.1. 1997



# DET AKADEMISKE KOLLEGIUM

## SAMANSETTING I 1997

Rektor Jan Fridthjof Bernt  
Prorektor Kirsti Koch Christensen

### Vitskapleg personale

Professor Bente Alver  
Seksjon for folkloristikk  
Professor Gunnar Claussen  
Fysiologisk institutt  
Professor Kjell Hole  
Fysiologisk institutt  
Professor Per Magnus Jørgensen  
Botanisk institutt  
Professor Anne Bjørg Tveit  
Odontologisk institutt

### Teknisk/administrativt personale

Kontorsjef Britt Karin Muri  
Institutt for samfunnspsykologi  
Avd. bibliotekar/førstekonsulent  
Kate Lønningen  
Det juridiske fakultetsbibliotek

### Studentar

Stine Akre  
Sindre Klepp

### Eksterne medlemmer

Turid Visnes  
Ingvild Myhre

## DEKANAR I 1997

Det historisk-filosofiske fakultet:  
Professor Leiv Egil Breivik

Det juridiske fakultet:  
Professor Henry Johan Mæland

Det matematisk-naturvitenskaplege fakultet:  
Professor Eirik Sundvor

Det medisinske fakultet:  
Professor Jon Lekven


Det odontologiske fakultet:  
Professor Per Johan Wisth

Det psykologiske fakultet:  
Professor Håkan Sundberg

Det samfunnsvitenskaplege fakultet:  
Professor Sigmund Grønmo

# UNIVERSITETETS ADMINISTRATIVE ORGANISASJON

PR. 1.1. 1997



Utgjevar: Universitetet i Bergen  
Redaksjon: Informasjonsavdelinga  
Foto: Næringsbyrået.  
Trykking: Grafisk Trykk A/S.

•  
Bergen,  
1998  
•